NR. 2 APRIL 2007 34. ÅRGANG

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



*Frå konfirmantleiren*
*Meir på siste side*
*Foto: SSV*

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Ikkje til å spøkja med ........................................Side 2
Gamle bilete frå Øygarden ..................................Side 3
Påskeandakt ........................................................ side 5
Barneaktivitetar.................................................Side 6 og 7
Konfirmantlister .................................................Side 8

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

# Ikkje til å spøkja med



Den gode prosten i Indre Finnmark, Arild Hellesøy er intervjua i siste ”Kyrkje-aktuelt”. Ein familie i Karasjok hadde problem med ”uro i huset i flere år”:

*”Dører ble åpnet, det ble kaldt i rommet. Datamaskinen ble skrevet på, telefonen ble løftet opp. Det var en slags bevegelse under taket, en slags bevegelse med lyder. Vi hørte en unge som hulket,(ja)flere hørte det samtidig. Flere så også samtidig at stoler ble flyttet. Det var mest i kjellerstua og i en av guttenes soverom. Når man er to eller flere som opplever noe sammen, blir det vanskeligere å tro at det er fantasi.”*

Dei ba då Arild om å koma til seg: *”Han holdt en andakt, vi sang og bad sammen og avsluttet med Fadervår. Bønnen handlet om at det måtte være fred i huset, at vi måtte må fred til å være der. Så velsignet Arild huset, familielivet og hjemmet. Han gjorde det vi trengte, nemlig å lyse fred over huset. Det var ikke noe rart for ham, og vi opplevde at han tok det alvorlig. Etter det har det vært fred i huset vårt.” (Kyrkje-aktuelt 1/07)*

Vi lever i ei veldig rasjonalistisk og materialistisk tid. Samstundes som ein trend i tida er at fleire bryt med kristen tru og liv finst ein annan trend: Mange er redde for, eller i det minste interesserte i ”spøkeri”! TV-serien ”Åndenes makt” har over 400000 sjåarar! Og nettsøk syner at ”klårsynte” og ”Ghostbusters” klarer å lage business av dei evner dei meiner dei har. Men eg trur ikkje dette er bra:

**”Hjå deg må det ikkje finnast nokon - som tek varsel, ingen teikntydar, spåmann eller trollmann. Ingen må driva med svartekunster, spørja gjengangarar og spådomsånder eller be om råd hjå dei døde - Heilhjarta skal du vera mot Herren din Gud. - (Frå 5.Mos.18,10-13)**

-Eg har liknande erfaringar som Arild Hellesøy. Sidan vi trur på ein Gud som har all makt, trur vi at Han kan gje oss hjelp og med ”meir mellom himmel og jord” enn vi har oversyn over. Han er den sterkaste:

**Sidan borna er av kjøt og blod, måtte Kristus òg fullt ut bli som dei, for at han med sin død skulle gjera ende på han som har dødens makt, det er djevelen, og fri ut alle dei som av redsle for døden var under slavekår heile sitt liv. - (Hebr.2,14-15)**

Fleire gongar har eg difor vore og bedt i hus, og innvigd bustader til Herren, på nytt, eller for første gong. Og eg gjer det gjerne på nytt. Den spesielle liturgien for føremålet er trygg og god for både dei som bur i heimen og for presten:

http://www.kyrkja.net/vigsheim.htm

**”Herre, eg er ikkje verdig at du går inn under mitt tak,
men sei berre eitt ord, så vert sjela mi lækt.”(Nattverdliturgien, Den store Lovsongen)**

Det presten har å tilby, er som Karasjok-prosten seier: *Guds Ord, bønn, salmar, skriftemål og nattverd.*

Gjennom alt dette kjem Kristus til heimen din og deg. Han er sterkare enn ”djevelen og alle hans gjerningar”(Forsakinga). Og så er det godt å vita at for alle som held seg til Kristus fins det verkeleg noko godt ”på den andre sida”. (Hebr.12,1-3)Dette er ingen spøk!

*”Når Jesus kommer inn i huset,
og hilser alle med sin fred,
og den har hjertet gjennomsuset
og senket seg i sjelen ned,
da blir det stille, lyst og mildt,
da enes det som før var skilt.”*
**(NoS, 16, v.2, Landstad)**

sokneprest@kyrkja.net


## Den norske kyrkja i Øygarden

**ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar |
| Redaktør: | Odd N. Thormodsæter |
| Kontingent: | Min. kr 100,- pr. år innan kommunen<br>Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen |
| Takkeannonsar: | kr 100,- |
| Kontonr.: | 3628 07 02557 |
| Layout/trykk: | Grafisk Team AS |
| Distribusjon i Øygarden: | Hurtiglevering, Tjeldstø<br>tlf. 98 66 53 29 |

**Kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Vitjingsadresse: | Helse- og tenestesenteret, Rong |
| Postadresse: | Boks 144, 5331 Rong |
| Telefon: | 56 38 22 40 |
| Faks: | 56 38 22 41 |
| Vakttelefon: | 56 38 22 44 |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |
| **Internettsider:** | **kyrkja.net** |
| Ekspedisjonstid: | måndag – fredag 0900 – 1500 |

**Tilsette:**

| | |
|---|---|
| **Kontorsekretær** | Kari Sandøy Rong |
| e-post: | kontor@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 40 |
| **Kyrkjelydspedagog** | Synnøve Sandøy Voldsund |
| e-post: | kyrkjelydspedagog@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 47 |
| **Kantor** | Anne Lise Grøm - permisjon |
| **Organistvikar** | Vegard Voldsund |
| e-post: | organist@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 45 |
| **Sokneprest** | Svenn Martinsen |
| e-post: | sokneprest@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 44 |
| **Kyrkjeverje** | Odd N. Thormodsæter |
| e-post: | kyrkjeverje@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 43 |

**Kyrkjene:**

| | |
|---|---|
| **Blomvåg kyrkje** | tlf. 56 38 70 22 |
| e-post: | blomvag.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. | Kåre Kristoffersen<br>Mobil: 911 05 197 |
| Klokkar: | Ole Vik |
| **Hjelme kyrkje** | tlf 56 38 80 30 |
| e-post: | hjelme.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar | Kari B. Solheimslid |
| Kyrkjegardsarb. | Mobil 9772 74 57 |

**Råda:**

| | |
|---|---|
| Blomvåg sokneråd: | Leiar: Olaug Merete Rong |
| Hjelme sokneråd: | Leiar: Atle Dåvøy |
| Øygarden kyrkjelege fellesråd: | Leiar: Gustav Landro |

| Frist for stoff | Til abonnent |
|---|---|
| Nr 3: 23. mai | 06. juni |
| Nr 4: 14. august | 30. august |
| Nr 5: 9. oktober | 25. oktober |
| Nr 6: 20. november | 06. desember |

## MIN SALME v/Odd N. Thormodsæter

# Sjå, – og bli sett



Under TT i Bergenshallen i 1996 vart deltakarane møtt med mottoet: **"Sjå, - og bli sett."** Dette mottoet har sett seg fast hos meg etter denne tid og kan gjerne også bli ståande som overskrift over denne spalta.

Å **sjå** sine medmenneske, - sjå deira styrke og deira behov er ein av føresetnadane for at vi skal lukkast med det vi driv med. Vi har så lett nokon kvar av oss å bli opptekne av eigne prestasjonar, - kva vi sjølv maktar å få til. Tenk om vi kunne få meir av Kristi sinnelag – Han som var oppteken av **å sjå** menneska rundt seg

"

### Ser du

Ser du det skinner et lys som er tent
selv om andre er slukket?
Ser du den dør som er åpen
Om andre er lukket!

Han som har sett deg og ser dine valg
Dine tap og din seier
Kaller og ber deg å åpne
For alt hva han eier

Kristus velsigner din dag og ditt liv
Han vil gi deg det beste
Han vil og vise deg veg til
Din ventende neste

Tekst: Liv Nordhaug
Mel.: Ingfrid Grimstad Thormodsæter

**"Å bli sett"** er som å gå med refleks ein mørk kveld. Det er nødvendig for at andre skal oppdaga at eg er her. Eg har fått evner og anlegg som eg gjerne vil bruka i teneste for andre i arbeidsliv, i frivillig arbeid og i heimen. Dette skal eg frimodig signalisera, og så lata Antijantelova dominera mitt liv**: Eg er verdifull slik eg er!**

*Gisle Kårbø Rong vert utfordra til neste nummer*

## GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN

**Har du eit gamalt bilete frå Øygarden? Send det til oss saman med litt tekst. Ta gjerne med namn på personar, stad, sannsynleg årstal, kva hending biletet er henta frå og namn på kven som eig biletet.**

**I dette nummeret presenterer vi eit bilete som er sendt inn av Ingrid Nakken:**

# Blandakor frå 30-åra i Hatten krins



Deltakarane i koret kom frå Hatten krins. Øvingsstad var "gamlestova på Høyen", Sture, der dei fleste var frå.
Leiar var Alv Hjelmen som var lærar. Biletet er teke frå ein tur til Lyngøy der me skulle syngja på møte.
Koret song elles på møte i distriktet frå Landro til Fedje, og innom fjorden m.a. i Hordabø kyrkja.

***Første rekke frå venstre:*** *Kristina Nordvik, Ingeborg Nygard Sture, Hilda Sture, Betsy Hjelmen, Alf Hjelmen, Marie Dåvøy, Bertina Sture, Haldis Sture.*

***Andre rekke:*** *Klara Sture, Lilly Hatten, Ingrid Skjold, Nikolai Sture, Marie Sture, Margit Sture, Agnes Nautnes, Kristina Hatten.*
***Tredje rekke:*** *Josef Sture, Jonas Sture, Jakob Hatten, Ole Sture, Rasmus Sture.*
***Fjerde rekke:*** *Nils Sture, Johannes Magnesen, Johannes Sture, Elias Nygard Sture, Hilmar Sture, Alfred Sture.*

**Kontertar:**

# På gjengrodde stiar



**" På gjengrodde stiar"** er eit konsertkonsept vi gjennomførde i fjor, i samband med at Hjelme gamle kyrkje på ny vart opna for bruk. Konsertane inneheldt gode gamle salmar, i eit litt meir moderne preg. Dette var ei flott oppleving med mykje folk og gode tilbakemeldingar, og derfor set vi opp ein ny

## konsert torsdag 24. mai

**kl 19.00 i Hjelme gamle kyrkje.** Konserten vil bestå for det meste av godt kjende salmar, der samspel mellom ord og tonar vil spele ei stor rolle. Musikken vil også i stor grad vere basert på klangar og effektar, som skal underbyggje det tekstane handlar om.
Medverkande på konserten vert:
Synnøve S. Voldsund – vokal,
Vegard Voldsund – perkusjon,
Arve Voldsund – gitar,
Kjetil Gilberg – bass,
Øyvind Brekke - lyd

## *Innkomne offer:*

**Hjelme:**

| | |
|---|---|
| 22. okt – Ungdom i oppdrag | kr. 2051,50 |
| 05. nov – Normisjon | kr. 1798,00 |
| 19- nov – Kyrkjelydsarbeidet | kr. 2988,00 |
| 3. des – Sjømannskirken | kr. 1407,00 |
| 16. des – Kor på Syng jula inn | kr. 2041,50 |
| 17. des – kyrkjelydsarbeidet | kr. 1200,00 |
| 24. des – Strømmestiftelsen | kr. 8294,50 |
| 25. des – Det Norske Misj.selskap | kr. 2350,00 |
| 1. jan –07- kyrkjelydsarbeidet | kr. 1525,00 |
| 14.jan – For bibel og bekjennelse | kr. 1831,50 |
| 28. jan – Bibelskolen Bildøy | kr. 1381,00 |

**Blomvåg:**

| | |
|---|---|
| 15. okt – Kyrkjelydsarbeidet | kr. 2565,50 |
| 29. okt – Norsk lærerakademi | kr. 2162,50 |
| 12. nov – Norsk misjon i øst | kr. 4564,50 |
| 26. nov – Normisjon | kr. 2230,50 |
| 10. des – Aksjon håp | kr. 1605,00 |
| 24. des – Strømmestiftelsen | kr. 9963,00 |
| 26. des – Det Norske Misj.selskap | kr. 4014,50 |
| 7. jan –07 – Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1601,00 |
| 21. jan – Noregs samemisjon | kr. 2754,0 |

B&M
Bok&Media

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

# THE ISAACS



**Etter mer enn 20 albumutgivelser og flere tusen konserter har The Isaacs blitt en av de viktigste aktører innen akustisk musikk. Gruppa har bygget en bro mellom bluegrass og Southern Gospelmusikk på en unik måte – kombinert med musikk i verdensklasse. Enkelte medlemmer av gruppa er prisbelønnede sangforfattere.**

The Isaacs er en jødisk familiegruppe som kommer på Norgesturné i juni. Lokal kontakt for gruppa er "Focus" v/Jan Tørres Nordstrand, Austevoll.
**Lørdag, 9. juni kl 18.00 holder de konsert i Pinsekirken Tabernaklet i Bergen.**
*Billetter får en kjøpt hos Bok & Media, tlf. 5531 7963, eller på www.gaither.no*

# I lyset frå oppstoda blir sutene mindre

Av generalsekretær Kjell Bertel Nyland,
Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet
Påskedag 2007

Tekst: Johannes 20,1-10

*Tidleg om morgonen fyrste dagen i veka, medan det endå var mørkt, kom Maria Magdalena til grava. Då fekk ho sjå at steinen var teken bort frå grava. Ho sprang av stad og kom til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, og sa til dei: «Dei har teke Herren ut or grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.» Då tok dei ut, både Peter og den andre læresveinen, og gav seg på veg til grava. Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang snøggare enn Peter og kom fyrst til grava. Han bøygde seg inn og såg linkleda liggja der, men han gjekk ikkje inn i grava. Simon Peter fylgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og kledet som Jesus hadde hatt over hovudet. Det låg ikkje saman med linkleda, men ihoprulla på ein stad for seg. Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen fyrst til grava. Og han såg og trudde. For endå hadde dei ikkje skjøna det Skrifta seier, at han skulle stå opp frå dei døde. Så gjekk læresveinane heim.*

Sut og uro er truleg ikkje framandelement for nokon av oss. Heller ikkje for denne andaktsskribenten. Eg lar meg ofte uroa over kva som kan skje, og over alt som kan koma til å gå gale.

Men er det eigentleg realistisk grunnlag for alle denne suta? Nei, ikkje dersom vi skal tru påskedagsbodskapen om den tomme grava. Det er først når ein ikkje lenger trur at Gud er til, at det er grunn til å uroa seg framfor morgondagen. Difor treng eg stadig å bli minna om den underfulle påskedagsbodskapen: *Grava vart faktisk funnen tom. Jesus Kristus, min Herre og Gud, lever i dag!*

Det er på denne bakgrunnen vi kan seia til oss sjølve når uro og sut trugar med å ta overhand: -*Eg set mi lit til deg, Herre; eg seier: 'Du er min Gud'. I di hand er mine tider.*

Men så høyrer eg likevel tvilaren i meg, og tvilarane omkring meg: er oppstoda frå dei døde mogleg i det heile? Som apostelen Thomas, leitar også eg etter handfaste prov.

Den store naturforskaren, fysikaren og astronomen Isaac Newton vart ein gong spurd om korleis støvet av eit menneske skulle kunna stå opp igjen som ein ny kropp. Utan først å seia noko som helst, tok Newton handa full av jernspon og blanda det med jord frå marka. Deretter tok han ein magnet, heldt han over blandinga av jernspon og jord, og på eit augeblikk var jernsponet samla på magneten. Med djupt alvor seier så den respekterte naturforskaren: - Han som gav det døde jernet ei slik kraft, skulle han ikkje også makta å sameina våre udøyelege sjeler med ein forklåra lekam?



Påskeillustrasjon: Anders Færevåg/KPK

Ja, kvifor skulle han ikkje det? For den same Gud som ved byrjinga av tida skapte liv av kaos, den Gud som gav magneten forunderleg kraft, den same Gud var det som reiste Kristus opp frå grava. Jesu oppstode påskedag gir oss difor frimod til å seia ved alle graver: Av jorda skal du igjen oppstå.

Å tru er *ikkje* det same som å vera skråsikker. For framleis ser vi som i ein spegel, og mykje er enno gåtefullt. Vi vil difor halda fram med å ha større og mindre suter i kvardagen vår. Tru handlar derimot om å ta sjansen på at det vi i dag berre delvis forstår, det skal vi ein dag forstå fullt ut: forlating for syndene, oppstoda av lekamen og det evige livet. Tru er å syngja med Svein Ellingsen:

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!*
*Livet er gjemt i et jord-dekket frø.*

*Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.*
*Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

# Leirdag for 1. og 2. klasse på Skjergardsheimen

**Lørdag 2 februar var litt over 30 barn og 10 voksne samlet til leirdag på Skjergardsheimen. Dagen startet med innkvartering og bli-kjent-samling. For de fleste barna var dette det første møte med å være på leir.**

Noen av lederne SÅ veldig merkelig ut da de presenterte seg, andre SNAKKET veldig merkelig. Noen hadde nemlig tredd en strømpebukse nedover ansiktet da de sa hva de het, mens andre hadde en fyrstikk på høykant i munnen. Vi hadde masse gøye bli-kjent-leker og sanger og på slutten av samlingen hadde vi andakt og sang. Tema for leiren var "Gud er så glad i meg!!"
Etter første samling hadde vi lunch og sporløp og aktiviteter. På sporløpet ble leirsjefen våt av klutkasting, og deltakerne fikk testet sin kreativitet. Aktiviteter etterpå var perle-hjerter, ring-leker, fotball og spill rom. Senere på kvelden fikk vi deilig pizza før foreldre og andre kom og ble med på leirkvelden. Der bidro barna med sketsjer, sang og annet de hadde øvd på og vi hørte om barnas misjonsprosjekt i Tanzania.
Vi hadde en flott leirdag og jeg håper alle dere som var der i alle fall husker på leirmottoet :
**Gud er glad i DEG!!**

*Solveig Bartun Rob*











Stor utval i uteplantar og påskeblomstrar.
Påskeliljer i potte frå kr 12,-

Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

## Israelstur med Vik Mannskor!

Ver med på Løvhyttefesten i Israel saman med Vik Mannskor 24.sep. - 6.okt.
Reiseleiarar: Bjørg og Harry Wiig Andersen og John Solsvik.
Ein uforgløymeleg tur i Bibellandet der takkesongen skal tona!
Open tur i samarbeid med SI-Reiser.
Pris: ca. kr. 14.000,-.
Påmelding: John Solsvik: 9246 8547

# Hurra for Dåpsskule!



I perioden 8. februar til 11. mars har mellom 15 og 20 born vore samla på dåpsskule i Hjelme kyrkje. Desse borna skal begynne på skulen til hausten, men vi tjuvstarta med dåpsskulen i kyrkja. På samlingane har borna lært meir om kven Jesus er og kvifor vi går i kyrkja. Kvar gong har borna laga ulike ting, tent lys, vandra i kyrkja og fått lekser. Leksene var kjempe-populære og alt arbeidet vart godkjent av lærarane!
Vi avslutta med familiegudsteneste søndag 11.mars der borna deltok med song og fekk utdelt boka: "Den usynlige vennen" av Kari Vinje og Vivian Zahl Olsen.



*Magnus J Stokke*

# Dåpsgudsteneste på Hernar 10. februar

**Laurdag 10. mars var det dåpsgudsteneste i bedehuset på Hernar.**

**Vi må heilt tilbake til 23.12. 1985 for å finna sist det var dåp her ute. Den gongen vart det døypt fem barn og Henry Skogvoll var prest.**



Biletet viser vesle Sophie Revheim Hennø som vart boren til dåpen.
Lukkelege foreldre er Monica Revheim og Knut Hennø.

*Vi gratulerer!*

BUTIKKEN PÅ HELLESØY

5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1700
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1500

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMER.

# Konfirmasjonsdagar våren 2007:

**BLOMVÅG KYRKJE**

**28.04.2007 kl.11.00:**
Daniel Haugen Jonas
Ingrid Blom
Heidi Andersen
Alexander Torsvik Dale
Katarina Oen
Tom-Kevin Romarheim
Karoline Hop Rong
Daniel Torsvik
Nils Martin Landro
Angel Balastique Haugetun
Lene Herdlevær
Katrine Ekren Isager
Richard Rong Knarvik
Pernille Vik

**29.04.2007 kl. 11.00**
Linda Helen Solsvik
Sissel Marie Breivik
Silje Pedersen
Daniel Pettersen
David Instefjord
Daniel Andrè Risnes Moreno
Susanne Oen
Kari Axelsdottir
Bernt Kristian Flekstad Vik
Jarle Gabriel Vik
Thorbjørn Fjæreide Fossheim

**05.05.2007 kl. 10.30**
Susanne Thorvaldsen
Ruth Helen Jensen
Jørgen Rong Davik
Tom-Andrè Drange
Thea Ophaug
Silje Iselin Skråmestø Eide
Renate Irene Fjeldstad
Bjørn-Helge Schulz Haugetun
Natalie Hermansen
Jeanette Fidela Rossnes
Silje Vik
Marius Hellesund Gjellestad
Natalia V. Ophaug

**05.05.2007 kl. 12.30**
Jostein Standal
Pernille Sofie Torsvik
Rebecca Torsvik
Thomas Træen
Silvia Oen Husebø
Jan Erik Landro
Andreas Forland Neset
Maren Jeanette Flåten Nilsen
Torry Turøy

**HJELME KYRKJE**

**06.05.2007 kl. 11.00**
Stian-Renè Dale
Tanja Margrethe Sæle Kallestad
Geirmund Grøm Sæle
Simon Semshaug
Henriette Sandøy
Kristine Sture Rossnes
Susanne Malen Hatten Rossnes
Maren Nakken
Lise Marie Oppedal Lyngved
Karina Dolores Hellesøy
Dani Hellesund
Sarah Irene Horton Hellesund
Aleksander Harkestad
Chris Andrè Breivik
Adrian Torsvik

## Møteplan NLM Øygarden våren 2007

**Mars**

| | | |
|---|---|---|
| 13 | kl.19.30 | Blom, bibeltime v/Magne Austneberg |
| 21-25 | | Åge Solsvik, Vik |
| 23 | | Basar Barnelaget Blink v/ Solveig Rob |
| 23-25 | | Kristian Gangstø, Skjærgardsheimen 5. kl leir |
| 27 | kl.19.30 | Blom, bibeltime v/ Gunnar Johnstad |
| **April** | | |
| 5 | kl.10.00 | Vik, Påskefrokost – Familie |
| 10 | kl.19.30 | Vik, bibeltime v/Stein Raunehaug |
| 17 | kl.19.30 | Blom, bibeltime v/Asbjørn Tveiten |
| 24 | kl.19.30 | Vik, bibeltime v/Eivind Sætre |
| Mai | | |
| 22 | kl.19.30 | Vik, bibeltime v/Tor Ueland |
| 27 | kl.19.30 | Vik, bibeltime |
| **Juni** | | |
| 5 | kl.19.30 | Vik, bibeltime |
| 10 | kl.11.00 | Pardalsmyra, familiemøte |

## MØTER ØYGARDEN INDRE-MISJON VINTER/VÅR 2007

| **Tidspunkt** | **Talar** | **Stad** |
|---|---|---|
| 22-25. mars | Audun Hjelvik | Hjelme krins |
| 11-13. april | Leiv Nesheim | Tjeldstø bedehus |
| 14-15. april (årsmøte) | Leiv Nesheim | Vik bedehus |
| 9. mai | Audun Hjelvik | Vik bedehus |
| 10-12. mai | Audun Hjelvik | Blom/Blomvåg bedehus |
| 13. mai (storsamling) | Audun Hjelvik | Vik bedehus |



## GUDSTENESTER

**01. april Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Fam.messe v /Otto Høvik. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Dåp. Nattverd
**05. april Hjelme kyrkje kl. 19:00** Kveldsmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Strømmestiftelsen. Nattverd
**06. april Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Langfredagsgudsteneste v/ Svenn Martisen
**08. april Hjelme kyrkje kl.11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Normisjon. Dåp. Nattverd.
**09. april Blomvåg kyrkje kl. 19:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Sjømannskirken. Nattverd.
**15. april. Vik kl. 11:00** Øygarden Indremisjon har årsmøte
**17. april Hjelme kyrkje kl. 18:00** Samtalegudsteneste med konfirmantane v/ Synnøve S Voldsund
**19. april Hjelme kyrkje kl. 18:00** Samtalegudsteneste med konfirmantane v/ Synnøve S Voldsund
**22. april Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Øysten Samnøen frå Barnevakten talar. Utdeling til 2,4 og 5 åringar. Offer til Familie og Medier
**28. april Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til Strømmestiftelesen
**29.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til Laget
**05 .mai Blomvåg kyrkje kl. 10:30** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til kyrkjelydsarbeidet
**05. mai Blomvåg kyrkje kl. 12:30** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til Familie og Medier.
**06. mai Hjelme kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til Laget
**13. mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Fam.gudst.v/Helge Unneland. Utdeling til 2 og 4 åringar. Offer til Den Norske Israelsmisjonen. Dåp.
**17. mai Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Helge Unneland. Offer til korps og kyrkjelydsarb.
**17. mai Blomvåg kyrkje kl. 12:30** Familiegudsteneste v/ Helge Unneland. Offer til korps og kyrkjelydsarb.
**20. mai Hjelme kyrkje kl. 11:00** Fam.messe v/ Svenn Martisen. Øygarden Gospel syng for oss. Offer til Nordhordland Indremisjon. Nattverd.
**27. mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd
**27. mai Hjelme kyrkje kl. 16:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Rusfri. Nattverd
**3. juni Vik bedehus kl. 11.00** Fam.messe v/Svennn Matinsen Nattverd


Korleis har du det…
*EIGENTLEG?*

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST


## TIL LUKKE

**70 år:**
31.mars Nils Martin Hellesund, Bakken
07.april Elin Helene Rasmussen, Torsvik
11.april Martin Andreas Turøy, Rong
14.april Kjell Magnar Nytun, Toftosen 4
17.april Rigmor Valborg Dale, Flåten
15.mai Otto Kristoffer Oen, Oen
25.mai Edvarda Johanne Torsvik, Torsvik
25.mai Magnus Vik, Vik
07.juni Sverre Martin Knarvik, Knarvik
**75 år:**
01.april Peder Rolf Fjeldstad, Dale
16.mai Helena Gurine Hauge, Rong
16.mai Rakel Maria Rong, Rong
19.mai Bjarne Magnus Fjeldstad, Tjeldstø
23.mai Per Landro, Vik
**80 år:**
16.april Sverre Rong, Vågsbotnen Rong
11.mai Anny Maria Oen, Oen
17.mai Magnhild Fjeldstad, Tjeldstø
**85 år:**
10.april Anders Konrad Kårbø, Dale
**90 år:**
02.april Borghild Marie Johannesen, Hellesøy
19.april Aslaug Olufina Magnesen, Hatten
**95 år:**
09.mai Monrad Alvheim, Alvheim
13.mai Birgitte Monsine Nordøy, Tjødnarvegen

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

**Døypte**
**Blomvåg:**
Synnøve Træen Hovden, S. Sæle
Julie Vik, Vik
Liam Cato Husebø, Rong
Tobias Torsvik, Rong
Mathilde Solsvik, Torsvik
Tobias Dåvøy Skår, Torsvik
Ariel Rong, Bergen
Alisa Rørvik, Knappen ( Vigra kyrkje)
Jonas Hitsøy, Torsvik
**Hjelme:**
Sophie Revheim Hennø, Hernar (Hernar bedehus)
**Døde**
**Blomvåg:**
Johannes Sæle, Bergen f. 1927
Magnus Breivik, Breivik f. 1932
**Hjelme:**
John Olai Sanden, N. Sæle f. 1929
Ingeborg Oline Sæle, Hellesøy f. 1925

## Kransar på gravene

Kransane kjem til å bli fjerna siste veka før påske.
Dersom pårørande ønskjer å ta vare på kransar, må dei hentast før denne tid.

## Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer høyreapparat, eller hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.

SparebankenVest
- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middgsretter og nystekte bakervarer

SPAR

RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

*Konfirmant i år?*
*Vi gir 10% avslag på lys, servietter og borddekor.*
*Utstillingar i butikken.*

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA
Gave & Interiør
RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

trend Frisør
RONG SENTER

**Langope tirsdag og torsdag.**

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat

KYSTEN RUNDT

Rong Kafe a/s

Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

**Bli brun selv om det regner**

Ønsker du å leie sol hjem?
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden
Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS
Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22




Vi tilbyr i.d. bareMinerals makeup

i.d. bareMinerals fremhever din naturlige glød og utstråling

Linjer, rynker og urenheter blir mindre synlig fordi pulveret bryter lysets stråler

i.d. bareMinerals foundations har naturlig UV-beskyttelse SPF15

i.d bareMinerals er basert på 100% rene knuste mineraler fra naturen

i.d bareMinerals bedrer ubalansert hud

i.d bareMinerals så ren at du kan sove med den!

i.d. bareMinerals FØLES naturlig. SER naturlig ut - fordi den ER det!

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**

Rong senter • 56 38 95 15
Påskeferie 30/3 t.o.m. 9/4

Hydro Texaco

- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen heile 2007 kr. 99,-
- Gass

MECA

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

øygarden
elektriske as
*aut. elektroinnstallatør*

Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

TORSVIK
ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon 922 34 062
www.torsteinsvik.no

**Harkestad Betong AS**
Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

**Malvin Harkestad & Sønner AS**

**Alt i grunn- og betongarbeid**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

# Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00
Lørdager til kl. 20.00.

# Din totalleverandør i Øygarden

ØYGARDEN BYGGSENTER

TH BHAS BYGG

ØYGARDEN BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09
Adr. Pålsneset, 5337 Rong
www.th-bygg.no

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personar. Arrangerer byllaup, konfirmasjonar og andre tilstellingar.

Kan levera mat til alle anledningar. Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer
Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP



K.H. Polden Tlf. 56 33 45 88
Tom Wilson Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen
Tlf. 55 21 44 50
Mobil 917 51 700
• DØGNVAKT
• PARKERING
• BLOMSTER
• MONUMENTER
Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

## Solstrands Begravelsesbyrå

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
*Vår erfaring - din trygghet*

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølgning og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

B-BLAD

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

# Konfirmantleir med bibelsmugling!

**16. februar reiste ei busslast med konfirmantar inn til Sætervika for å ha ein weekend i lag med ein flott ledargjeng.**

Tekst: Magnus Stokke
Foto: Synnøve Sandøy Voldsund





Første kvelden var konfirmantane med på noko så uvanleg som "bibelsmugling". Dei skulle ta seg gjennom skog, myr og over bakkar, og frakte bibelvers opp til eit bål på ein topp utan å bli tatt av "grensevakter". Innsatsen var heilt enorm! Dersom dei greidde å samla opp 50 poeng, skulle tre ledarar bada i sjøen. Dei klarte 45 poeng og ein av ledarane bada i rein sympati!

Seinare på kvelden hadde vi møte med andakt og song. Elles på kveldane var det mange sosiale aktivitetar.

På lørdagen starta vi dagen med bibeltime, og fortsette dagen med "crazy-games" som blei gjennomført med stor innsats.

Seinare på dagen var det ein heidundrande underhaldning der alle ledarane gjekk av skaftet! Kvelden her blei og avslutta med møte og sosiale aktivitetar.

Søndagen var det tid for bibeltime før vi pakka saman og reiste heim. Vi ledarar vil takke for ein fantastisk flott leir med flotte konfirmantar. Vi håper alle hadde det kjekt og vil ta bodskapen om Jesus inn i hjarta og la han få bli der heile livet.





